



Statens vegvesen

Lars Petter Grønvigh
Nordmarka 87
5211 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/82569-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.03.2017

Løyve på vilkår – Fv. 400 – Utvida bruk av avkøyrsløse – Gnr. 106 bnr. 54 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 30.05.2016.

Løyve på vilkår:

Med heimel i veglova §§40–43 har vi fatta følgande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av avkøyrsløse for tilkomst til fritidsbustad til den frådeltte parsellen av gnr. 106 bnr. 54 i Lindås kommune, under forutsetnad at krava nedanfor vert oppfylt.

Vi set følgjande krav:

1. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
2. Avkøyrsløse skal opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippkisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no
3. Løyvet gjeld tilkomst til fritidsbustad / frådeltte parsell av gnr. 106 bnr. 54 i Lindås kommune.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsløse skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebanen. Eventuell terreng og vegetasjon i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. Denne avkøyrsløse må ordnast i begge retningar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

5. Svingradius skal vere 4 meter og skal markerast tydeleg.
6. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere minimum 5 meter.
7. Stigningskrava må haldast (sjå prinsippsskisse). Det er behov for å utbetre helling i denne avkøyrsla.
8. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg. Det er ikkje tillat å parkere i frisktsona.
9. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
10. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftvatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslar*.
11. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd i samsvar med våre krav, skal det sendast melding til Statens vegvesen, som så vil eventuelt gje bruksløyve til avkøyrsla.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune har i sak 136/16 gjeve dispensasjon etter plan- og bygningslova til frådelling av tomt til fritidsbustad, jf. vedtak datert 29.11.2016. Før det vert etablert ny eigedom er det eit krav at avkøyrslar frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndigheit jf. § pbl. 27-4 og veglova §§ 40-43.

Tomta har tilknytning til offentleg vegnett til fv. 400. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 400. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 3 jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)*.

Krava vi stiller til avkøyrsla kjem fram av vedlagte prinsippsskisse og illustrasjon. Slik vi vurderer tilhøva på staden er det ikkje tilfredstillande sikt i avkøyrsla. Det er difor behov for å planere terreng og fjerne vegetasjon i siktsona. Dette gjeld både i retning høgre og venstre i avkøyrsla. Det er også behov for å utbetre helling i avkøyrsla. Vi er særleg opptatt av at lengdeprofilen skal vere oppfylt dei 5 første meterane (sjå prinsippsskisse).

Statens vegvesen vurderer at avkøyrsla ikkje tilfredsstillar dei krav vi stiller til utforming og sikt i avkøyrsla. Vi kan difor ikkje gje eit bruksløyve no. Dersom avkøyrsla vert opparbeida i samsvar med våre krav kan det påreknast eit bruksløyve. Når avkøyrsla er ferdig opparbeidd kan du ta kontakt med Statens vegvesen som kjem på synfaring og eventuelt godkjenner avkøyrsla.

Rett til å klage

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jamfør forvaltningslova §§ 28 - 36. Klagefrist er tre - 3 - veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som oversender saka til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør


Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg

Krav til utforming – Ortofoto M1:500
Krav til utforming av avkøyrsla – Prinsippskisse
Melding om klagerett

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



Sikt 45 m retning høyre

Radius = 4m

Sikt 45 m retning venstre




Fv. 400 - Gnr. 106 bnr. 54 - Lindås kommune
Illustrasjon krav til utforming
27.03.2017
Målestokk 1:500
Statens vegvesen


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017




LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE



(1) Avsender (forvaltningsorganets stempel) Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 Leikanger	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd)
(3) Mottaker (navn og adresse) Lars Petter Grønvigh 5211 Os	(2) Dato 27.03.2017 (4) Klageinstans Hordaland Fylkeskommune
<p>Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage over vedtaket.</p> <p>Hvem kan De klage til? Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoen for når De mottok dette brevet. Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det.</p> <p>Rett til å kreve begrunnelse Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen.</p> <p>Innholdet i klagen De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> – hvilket vedtak De klager over – årsaken til at De klager – den eller de endringer som De ønsker – eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen <p>Klagen må undertegnes.</p> <p>Utsetting av gjennomføringen av vedtaket Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.</p> <p>Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen.</p> <p>Kostnader ved klagesaken De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombudsmannen Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen.</p>	
Særlige opplysninger Snr. 16/82569	